
Saksnr: 2020/77152-7
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård
Dato: 03.12.2020

Til: Fylkestinget

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne til sak: Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6

PS 24/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6 vart oppe i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 02.12.20.

Tilråding frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar det framlagde budsjett 2021 og økonomiplan til vitande. Og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil understreke følgjande til budsjettet for 2021:

Vestland fylkeskommune må fortsette arbeidet med å kartlegge tilgjengelegheit og universell utforming ved sine bygg, og ha ein funksjon knytt direkte til dette arbeidet.

Fylket må sette av nødvendige midlar på dei område dei har ansvar for, til hjelpemidlar og verktøy for elevar som treng det. Det må også settast av midlar til opplæring av både elevar og lærarar slik at ein får best nytte av hjelpemidlane i og utanfor undervisningssituasjonen. Koordinering og samkøring av slikt verktøy i nye Vestland må ivaretakast. Dette er også viktig for å la alle ta del i det digitale løftet som skal prioriterast.»